
Saknr: 2020/1401-2
Saksbehandlar Eirik Knive
Dato: 25.02.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Oversikt over statleg sikra friluftsområde i Vestland fylke

I Vestland er det 255 statleg sikra friluftsområde. Dei fleste av desse områda ligg utanfor tettbygde områder eller byar.

Naturbase.no gir kartfesta informasjon om utvalde område for natur og friluftsliv. Basen er ute av drift og ny løysning vil kome i løpet av første kvartal 2020, i følgje Miljødirektoratet. Informasjon i vedlagte liste over dei statlege sikra friluftsområda i Vestland, baserer seg såleis på innspel frå Miljødirektoratet, kommunane og friluftsråda. På enkelte friluftsområde er det mangelfull informasjon.

Det viktig med fokus på sikring av friluftsområde i Vestland dei komande åra, for å tilgjengeleg gjere areal til friluftsliv der folk bur og oppheld seg. Det viktigaste føremålet med statlege midlar til sikring av friluftslivområde, er at friluftslivet skal styrkast som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet.

Friluftsområde som er prioritert i ein kommunal plan aukar sjansane for at ulike interesser er ivaretekne og at sikring av friluftslivsområde skjer som ledd i ein plan for utvikling av friluftslivtilbodet i kommunen og/el. regionen/nasjonalt. For friluftsområde av nasjonal eller regional verdi kan staten medverke med inntil 100% av kostnadane. For område av hovudsakeleg lokal verdi kan staten medverke med inntil 50% av kostnadane. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftslivsområde gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.